
Bekreftelse.

Underteikna stadfeste med dette at Hans Georg Schaatun frå 2013 fram til dags dato har arbeidd systematisk med utvikling av undervisningsformer i fag. Det starta hausten 2013 med faget diskret matematikk der han la om undervisningsopplegget frå tradisjonell undervisning til eit opplegg basert på omvendt klasserom, der han sjølv produserte alt av videoar med fagstoff. Med utgangspunktet i erfaringane vidareutvikla han opplegget. Etter tre gjennomføringar (2013-2016) med gode eksamensresultat i diskret matematikk, gav eg som dekan for Avdeling for ingeniør og realfag, (Høgskolen Ålesund) grønt lys for prosjektet *Aktiv læring i matematikk*. Formålet var å prøve ut opplegget frå diskret matematikk også i faget matematikk 1 hausten 2016. Det blei gjennomført i ein klasse ca 40 datastudentar. Dei hadde same eksamen som dei andre studentane i faget, og her gav opplegget ingen forbetring i strykporsent.

Samstundes med dette utvikla Schaatun prosjektet *Klasseromsquiz i Matematikk* som han hausten 2017 gjennomfører i eit fag i grunnleggjande matematikk for økonomistudentar.

Hans Georg Schaatun viser stor vilje til å utvikle og prøve ut nye undervisningsopplegg i faga han underviser. Fokuset er betre læring for studentane. Han legg til grunn resultat frå pedagogisk forskning i utviklinga og gjennomføringa av opplegga sine, og er uredd og ikkje tilbakehalden i å utfordre seg sjølv og eigne arbeidsmåtar når det gjeld undervisninga. Dette har gitt svært positive resultat i faget diskret matematikk med der det i tre år har vore følgjande stryk 1 av 14 (2013), 1 av 25 (2014) og 3 av 33 (2015). Dette er eksepsjonelt låg strykporsent for datastudentar i eit matematikkfag. I faget diskret matematikk var undervisningsopplegget vel tilpassa emneplanen sitt læringsutbytte og omfang og relevans på tema i pensum.

Eit motstykke til dette finn ein i Matematikk 1 der hovudvekta er lagt på å meistre ei større mengde klassiske metodar for løysing av ferdigstilte problem. Truleg er dette ei vesentleg årsak til at metoden ikkje gav nokon betring av strykporsenten for datastudentane i matematikk 1.

Hans Georg Schaathun er opptatt av formidling frå forsøka sine. Deling skjer på ulike nivå og med ulike metodar; løpande diskusjonar i kollegiet, internseminar på campus og i styringsgruppe i prosjekt, og ved publisering. Delinga internt er prega av presentasjon av problemstillingar, dilemma og val, og drøfting og aktiv søking etter kva som kan gjerast betre.

Ålesund, den 11 .oktober 2017



Geirmund Oltedal

Leiar av Institutt for IKT og realfag i perioden 01.01.2016 - 31.07.2017